

KYRKJEBLAD FOR ÅL



 ~~STOR~~ KOR-OPPLEVINGAR / MOLLSTEMT PÅSKEGLEDE / EI LEVANDE KYRKJE
~~RENG~~ FLEIRE FRIVILLIGE / KONFIRMANTAR VÅREN 2020 / DU ER ALDRI ~~ALENE~~

NR. 2 | 2020 | 61. ÅRGANG



KORSET PÅ DRAGSEIDET

*Jesus, du kom til jorden med nåde. Takk for korset. For prisen du betalte da du tok bort min synd og skyld.
Takk for denne din kjærlighet, som endog er sterkere enn min død!*

Korset

Året var 997. Fra fylkene Romsdal, Sunnmøre, Fjordane og Sogn var bønder kommet sammen, etter at Olav Tryggvason hadde kalt dem til Ting. De mange fremmøte fikk et tøft valg: Bli døpt, eller gå i kamp. Olav hadde med seg en stor hær. Bøndene var i mindretall, og våget ikke ta til våpen. Så ble det kristendom.

Sommeren 1913 ble det reist et kors til minne om denne hendelsen (forsidebildet). Stedet er Dragseidet på Stadlandet. Flere tusen mennesker var til stede. Med norske flagg, soldater og hornmusikk i front fulgte prosesjonen den gamle pilegrimsveien fra middelalderen. Målet var det nye, seks meter høye korset, hugget i stein.

Vel fremme ble korset avduket. Det var flere som holdt tale for anledningen. Lærer Kvalheim hilste fra ungdommen i Nordfjord, og snakket om «Norskdøm og kristendom». Sogneprest Hognestad fremhevet dette vårt fremste kristne symbol, og talte om korset i steinen, korset i flagget og korset i hjertet. Telegram fra selveste kong Haakon vitner om at dette var en begivenhet som ble lagt merke til. Etter flere hilsener og sanger samlet forsamlingen seg i trosbekjennelse og Fader vår. Programmet ble avsluttet med W. A. Wexels salme fra 1846: «Å, tenk når en gang samles skal de frelstes menighet».

Vi skal være takknemlige for at kristendommen er kommet til Norge. I dag er alle likevel enige om at Olav sin fremgangsmåte ikke er forbilledlig. Heller ikke Jesus bruker makt når det kommer til spørsmål om tro. Jesus trer ikke evangeliet ned over hodet på folk. Hans våpen er ikke sverd, men kjærlighet. Men målet er det samme, nemlig at stadig flere mennesker skal oppleve hvordan troen på Jesus gjør en forskjell i livet deres.



Av Arne Jensen



Frå Lina Sandell-konserten til Ål kantori. Aud Jepsen (t.v.) og Heidi Langegard knytte Sandells livshistorie fint og rørende saman med songane hennar. Pianist og dirigent Audun Flaen i midten.

Store kor-opplevingar

Dette er ein hyllest til korbygda Ål. Så mange musikalske opplevingar me har hatt opp gjennom åra i Ål kyrkje!

AV BIRGER BOLSTAD (TEKST OG FOTO)

Det er få amatørkor som kan måla seg med Ål-koret. No er det snart påske, men deira siste julekonsert, «Mitt hjerte alltid vanker», lever enno i minnet hos mange. Det skuldast ikkje minst at dirigenten og songsolisten Arild Rønsen, som saman med songarar frå heile Hallingdal, og særleg proffe Marit Sehl frå Votndalen, hadde greidd å løfta koret til nye høgder.

Og i månadsskiftet januar-februar hadde eit anna kor, Ål kantori, ein spennande Lina Sandell-kveld i både Ål og Flå kyrkjer. Dei mest kjente Lina Sandell-songane og -salmane er kanskje «Blott en dag», «Bred dine vida vingar» og «Tryggare kan ingen vara». Fromme Lina Sandell (1832-1903) skreiv bortimot 2000 dikt; mange av dei er tonsette. Ho hadde eit dramatisk liv som tekstane hennar er sterkt prega av. For eksempel opplevde Sandell at faren, presten, sklei over bord ein gong dei to skulle med båt til Gøteborg; han vart borte i bølgene. I konserten knytte Aud Jepsen og Heidi Langegard Lina Sandells sterke livshistorie saman med songane hennar. Salmar og liv var eitt!

Oppventar me spent på nye kor-opplevingar i Ål kyrkje. Fyrst i løypa vår årlege påskekonserten til B-karad'n ~~onsdag 8. april, også her er kantoren vår, Audun Flaen, dirigent og pianist. Me gler oss!~~



Mollstemt påskeglede



*Du som elsker du som ser,
du som hører den som ber.
Du som åpnet dødens port,
rev den ned og bar den bort.
La meg få det bud fra deg,
at du ikke glemmer meg.*

*Det er mørkt omkring meg her,
si at du vil være nær.
La en strime lys nå inn,
til min tanke og mitt sinn.
Hvordan kan du svikte meg,
når jeg ikke glemmer deg?*

*Dine engler av lys, send dem ned.
Gi meg tro, gi meg mot, gi meg fred!
Jeg vil vente på deg helt til skyggene flyr
og den deilige morgenen gryr*

TEKST EYVIND SKEIE

Páskeevangeliet er selve kjernen i kristendommen. Det har tent håp og glede hos mennesker over hele jorda. I påska synges det i samstemt kor om påskemorgen som slukker sorgen til evig tid. Jesu seier over død og grav, over ondskap og mørke er det største og mest radikale som har hendt. Derfor er det en naturlig følge at påskedagen fylles av glade toner.

Men kan dette mysteriet også uttrykkes med undertoner av sorg, savn og tap?

Eyvind Skeie og Per Tveit har laget en sang som kanskje mange kan kjenne seg igjen i. En ville så gjerne kjenne glede, men ulike livssituasjoner gjør at en kjenner mer på fortvilelse og mørke, En ville så gjerne tro, men klarer det ikke.

Noen kvinner som var fylt av sorg, kom til Jesu grav en tidlig påskemorgen. Der fikk de et møte med en levende Jesus, han som åpnet dødens port, rev den ned og bar den bort. Jeg har aldri sett ham konkret og synlig med egne øyne. Men med «troens øyne» kan jeg i trass og tro få henvende meg til ham. Jeg har et håp om at lyset fra påskemorgen er sterkere enn døden og mørket.

For tro trenger ikke være sterk og stor. Den kan være en liten strime av lys som når inn til tankene og sinnet og som skaper en forventning om at de mørke skyggene skal fly.



SAMAN-ALLE-SAMAN-KVELD

Sundag 16.februar møttest nesten 50 små og store til «ein god gamaldags juletefest» på Kafé Tid.

Det var allsong, vintertankar ved Vigdis prest, nydeleg musikk ved Brita Laa og kaffepause med god tid til å prate med kjente og ukjente. Leik, Kahoot og utlodning sette spiss på kvelden! Stor takk til Mari-anne Laa, Kristine Giljebrekke Andersen og Vigdis Moen Storhaug som drog i gang denne trivelege møteforma!

Set av **sundag 19.april**, då er det ny «Saman-alle-saman-kveld».

Liv Margit Sørbøen



Av Bente Sletten

hører den som ber. Vi kan få tømme alt vi har på hjertet av både tvil, mismot, frustrasjon, sorg og sinne. Og vi kan be om å få kjenne i kropp og sjel noe av påskefreden og gleden, selv om den er stemt i moll.

«*I ham var liv, og livet var menneskenes lys. Lyset skinner i mørket og mørket har ikke overvunnet det.*» Joh 1. 4-5.

Dette er en gave som er tilgjengelig for alle, men det er opptil hver enkelt om en vil ta imot. Det kan være et skjørt håp eller en fast tillit, men det innebærer at Gud vil oss vel og aldri kan glemme oss.

«*Men alle dem som tok imot ham, dem gav han rett til å bli Guds barn, de som tror på hans navn.*» Joh 1.12

For tro trenger ikke være sterk og stor.

Den kan være en liten strime av lys som når inn til tankene og sinnet og som skaper en forventning om at de mørke skyggene skal fly.

Velkommen til Tro og Lys – Ål gruppa

Palmesundag 5. april kl.11.00
Tur til Vats Fjellkyrkje

Måndag 27. april
Tro og Lys tankar
v/ Ingvild Kaslegard

Måndag 25. mai
Sommaravslutning
Tro og Lys tankar
v/Hilde Kirkebøen

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Birger Bolstad • Arne Jensen • Liv Margit Sørbøen
BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Kyrkja 140, 3170 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no
PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Lars Monrad Vaage • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto



Ei levande kyrkje

Frå den store medarbeidarfesten. Her trekløveret som inspirerte stort: Pastor og forfattar Thomas Sjødin (f.v.), sokneprest Vigdis Moen Storhaug og forfattar og tidlegare biskop Per Arne Dahl.

Av Birger Bolstad (tekst og foto)

Torsdag 23. januar på Kafe Tid og i Ål kyrkje: Dette var dagen då dei tilsette gjorde stor stas på dei mange friviljuge medarbeidarane i kyrkja. På kafeen god mat og god stemning, og i kyrkja etterpå opplevingar av dei sjeldne. Høyr berre:

Me møtte Thomas Sjødin, svensk pastor og forfattar frå Gøteborg, og Per Arne Dahl, tidlegare biskop her i Tunsberg bispedømme, også han ein viktig skribent og formidlar. Vigdis Moen Storhaug, vår eigen sokneprest, er det alltid ei glede å høyra på. Slik også denne kvelden.

ÆRLEGDOM OG HÅP

Thomas Sjødin leier eit stort og spennande diakonalt arbeid i Gøteborg. Og han skriv. Han vil tala ærleg om livet og alltid prøva å tilføra oss menneske eit lite fnugg av håp, og aldri det eine utan det andre, altså aldri ærlegdom utan von, og omvendt.

«Stol på at det lysner» heiter siste boka hans. Sjødin prøver å setja ord på det vanskelege. For også han har møtt det mørke i livet. Til dømes har han mista to søner; begge hadde ein sjeldan hjernejukdom. Korleis skal ein møta dette, å mista barn, kanskje det vanskelegaste ein kan oppleve i livet?

Sjødin fortalde om sorgprosessen, kva familien for eksempel gjorde med kleda etter dei to døde barna. Ein må jo rydda opp etter kvart, men skal kleda kastast, eller...? Nei, fire meter fillerye vov dei av kleda, ei fillerye som ligg der på golvet, til dagleg glede og minne om sønene. Som Sjødin klokt seier:
- Me må saman stola på at det lysnar. Av og til tenkjer eg at det er håpet som er oppdragsgjevaren min, at det er Lyset eg står til ansvar for.

«SÅRBARHETENS KRAFT»

Og så Per Arne Dahl. Ein blir alltid oppglødd og inspirert når ein høyrer han tala. Dahl når fram til oss alle med eit glimt i auga. Han har gjennom eit langt presteliv lytta til menneske som har det vanskeleg, og formidlar vidare viktig livsvisdom.

Dahl fortalde frå siste boka si, «Sårbarhetens kraft». Er det rom for sårbarheit i ei verd der den sterkaste som oftast trekkjer det lengste strået, spør han, og

svarar: Ja. Sårbarheit er ikkje veikskap; den kan gjera oss både sterkare og klokkare, noko han gav mange døme på.

Men i boka si åtvarar Dahl også: Pass deg så ikkje sårbarheit blir brukt mot deg av kyniske og kjenslelause menneske!
- Men den som vågar å be om hjelp, er aldri hjelpeslaus, sa Dahl.

TAKK TIL MEDARBEIDARANE

Denne medarbeidar-festen vart eit minne for livet, for oss alle, og ein inspirasjon til vidare arbeid. Den store, friviljuge innsatsen, i kvardag som helg, er imponerende, noko sokneprest Moen Storhaug takknemleg peika på. Så heiter det også i årsmeldinga 2019 frå sokneråda for Leveld, Torpo og Ål:

«Kyrkja i Ål har ein stab med dyktige medarbeidarar, og så er det utruleg mange som er med i frivillig arbeid. Dette gjer at det blir drive mykje godt arbeid i kyrkjelydane våre. Dette skal me ta vare på og vidareutvikle, i omtanke og omsorg for kvarandre.»

Treng fleire frivillige



«Etter skuletid» ein måndag i mars. Kyrkjelydspedagog Kristine G. Andersen saman med Amalie (f.v.), Marissa Agnete, Frida og Signe, fremst Fortuna (f.v.) og Solyana. Foto: Birger Bolstad

Kyrkjelydspedagog Kristine G. Andersen rosar i årsmeldinga for trusopplæringa i Ål 2019 dei friviljuge medarbeidarane i kyrkja. Men ho ynskjer endå fleire vaksne med på laget. Særleg gjeld dette dei tre BUK-dagane og måndagane med «Etter skuletid».

At det er behov for fleire friviljuge, skjønar ein når ein ser tala: Som-maren 2019 deltok heile 82 prosent av 7-åringane på BUK-leir! Til «Etter skuletid» på måndagane møter godt

over 30 born, og gruppa veks stadig. I følgje kyrkjelydspedagogen treng ingen friviljuge medarbeidarar vera redde for at ein er for gammal til å bidra:

- Her er oppgåver for alle aldrar og oppgåver med god variasjon. Det er til dømes høve til å melda seg som leksehjelp på «Etter skuletid». Då får ein gjerne hovudansvaret for å hjelpa ein eller to elevar med lekser, skriv Kristine i årsmeldinga.

Eit godt og viktig tiltak

- «Etter skuletid» er eit godt og viktig tiltak, heiter det i eit vedtak frå Leveld, Torpo og Ål sokneråd. Soknerådet ynskjer å nytta pengar frå den såkalla gjevarkontoen til drift av «Etter skuletid». Pengane blir no nytta til ungdomsklubb, ungdomskor (under oppstart) - og «Etter skuletid». Takk til alle gjevarar!

Konfirmasjonane som skulle vore no i vår, blir utsett til hausten, truleg september, har leiinga i kyrkja bestemt. Datoar blir avklara seinare. Utsetjinga skuldast korona-viruset.

KONFIRMANTAR 2019-2020

NORDBYGDENE

Andrea Skrindo Kaslegard
Erlend Opheim Berg
Guri Feten
Ingrid Gullhagen
Kristi Stølen
Margit Teigen
Sigri Tveito Berg
Tuva Annedotter Kyrkjedelen

TORPO

Bjørn Knaldre Pettersson
Frøya Flatland
Henning Opheim
Idunn Nesje Ødegård
Joachim Sygnabere Liahagen
Liv Marit Løvsletten Nygaard
Magnus Hagen
Oda Marie Muledal Svanheld
Rakel Torpe
Sara Louise Hefta
Signe Slaatten
Vårin Haugen Dokken

ÅL

Andrea Grøthe Aasen
Anne Birgit Frydenlund
Aram Samuel Debesay
Borgar Skår-Ekse
Helle Kaslegard
Ingrid Marie Dokken
Kjartan Eide-Fredriksen
Kristin Hagen Paulsen
Kristine Nymoen
Liv-Marit Bjella Jordet
Malene Thune Majormoen
Margit Svanaasen
Martine Berget Hovdegard
Matias Luksengard Stave
Nikolai Taktayev
Olav Andreas Stræte Lie
Solveig Corina Braaten
Stein Erik Holto Roen
Torjus Arnegard



Kyrkjestatistikk

Nedgang i kyrkjebesøk
Deltakarar i gudstenestene i Leveld, Torpo og Ål var i 2019 7.104 personar. Det var ein nedgang på heile 19 prosent frå året før. Forklaringar er prestemangel over fjorår, og at det difor vart tillyst 30 færre gudstenester i 2019 enn i 2018. Men samtidig hadde kvar gudsteneste fleire framkomte enn året før, i gjennomsnitt 84 personar.

Stabile dåpstal

Talet på døypte i Den norske kyrkja har gått mykje tilbake dei siste åra. Men statistikken for kyrkjene i Ål viser ingen slik tendens. Det var rett nok ein nedgang i 2018 då berre 9 born busette i prestegjeldet vart døypte, men i 2019 var talet igjen 25 born, i 2017 var talet 29, i 2016 25 og 23 i dei tre foregåande åra. I tillegg er det fleire utflytte ålingar som let borna sine døypa her i Ål. Dåp og konfirmasjon heng nøye saman. For å bli konfirmert må ein vera døypt. I prestegjeldet vårt er også tala på konfirmantar høge. Til våren skal 27 konfirmerast i dei tre kyrkjene våre. I 2019 var det 38 konfirmantar og i 2017 43.

Imponerende gjevarglede

Kyrkjegjengarane i Torpo, Leveld og Ål gir mykje i kollekt.

Til saman kom 318.447 kr inn i 2019. Året før gav kyrkjegjengarane 296.790 kr. Berre 21,6 prosent av 2019-beløpet er offer til eige kyrkjelydsarbeid, og særleg diakoni. Resten av midlane er offer til andre viktige og gode formål som Redd Barna, Kirkens Nødhjelp og sjølvstøtt misjon. Som sokneprest Vigdis Moen Storhaug sa det på årsmøtet til Leveld, Torpo og Ål sokn: - Gjevarglede er kort og godt imponerende!

Få giftarmål

Det var ikkje mange som gifta seg i kyrkjene i Ål prestegjeld i fjor. Det var berre to par, mot 11 par i 2018 og 7 par i 2016, går det fram av kyrkjestatistikken. Talet på kyrkjelege gravferder har vore stabilt, men få i 2019, 36. I 2018 var talet 46 mot 54 i 2017, 43 i 2016, 41 i 2015, og 40 i 2014 og 2013.

Få utmeldte i Ål

Kyrkje-statistikken viser at få i Ål har meldt seg ut or Den norske kyrkja. Dette gjeld tre personar i 2019, 10 i 2018, 1 i 2017, 19 i 2016 og 13 i 2015. Kyrkja har sterk oppslutning i det norske folket. I 2018 var 71 prosent medlemmer, viser dei offisielle tala. Men i 2019 var det heile 19.170 personar som meldte seg ut.



Alle 2. og 3. klassingar frå Ål, Leveld og Torpo er velkomne til Tårnagenthelg 18. og 19. april.

Laurdag startar vi med fingeravtrykk og registrering frå klokka 10, oppdrag laurdag er ferdig klokka 14. Dei får agentlunsj midt på dagen. Søndag møter dei opp klokka 10.00 for å førebu Tårnagentgudstenesta. Etter oppdrag gudsteneste blir det sjølvstøtt kyrkje-kaffe.



Barna skal få vere agentar som utforskar kyrkja. Dei skal til og med få gå heilt opp til toppen av kyrkjetalet. Dei skal også finne ut korleis dei kan vere agentar for det gode, lokalt og globalt. Eldre barn kan vere med som superagentar.

Meld på barnet til Kristine innan fredag 10.april. E-post-adresse: kristine.g.andersen@aal.kommune.no

BLI MED PÅ FERIEDAGAR I KYRKJA

BUK 22. – 24. juni 2020

Fellesskap – Skaparglede
Latter – Vennskap

For deg som er ferdig med
1. trinn – 4. trinn.
Juniorleiarar (frå 5.trinn)



Formiddagstreff

Ål kyrkjestugu onsdagar kl. 11 - 13

1.april: Besøk frå innvandrartenesta i Ål v/Louis Cummings-Budude: Korleis er det å vere innvandrar i Ål? Si på seg for flyktningar. Andakt: Aslaug Holeplass
6.mai: Eldgrim Springgard: Historia om Gro Gudmundsrud. Andakt: Berit Kilde
Juni: Sommartur

Vats bedehus onsdagar kl. 12 - 14:

25.mars: Ingvald Solberg: Om å vere sørlending i Ål.

29.april: Tore Bøygard: Frå kyrkjetenar til skiskyttarpresident.

Andakt: Vigdis Moen Storhaug

Behov for skyss? Ring 971 04 441



FASTEAKSJONEN
I ÅR ER 31. MARS

VI GÅR I KYRKJA

APRIL

05.04.2020 Joh 12,12-24
Vats fjellkyrkje 11.00

09.04.2020 Matt 26,17-30
Vats fjellkyrkje 11.00
Torpo kyrkje 11.00
Sangfjell naturkatedral 13.00
Ål kyrkje 19.00

10.04.2020 Mark 14,26-15,37
Nystølskyrkja 12.00
Leveld kyrkje 19.00

12.04.2020 Luk 24,1-9
Leveld kyrkje 10.00
Ål kyrkje 11.00
Nystølshovda på Opheimsåsen 12.30

13.04.2020 Luk 24,13-35
Kårstugu 11.00

19.04.2020 Joh 21,1-14
Ål kyrkje 11.00

26.04.2020 Joh 10,11-18
Ål kyrkje 11.00

MAI

03.05.2020 Joh 16,16-22
Torpo kyrkje: konfirmasjon 10.30
Torpo kyrkje: konfirmasjon 12.30

10.05.2020 Joh 15,1-8
Ål kyrkje: konfirmasjon 11.00
Leveld kyrkje 11.00

17.05.2020 Salme 127,1-3
Ål kyrkje 10.00
Torpo kyrkje 11.00
Leveld kyrkje 11.30

21.05.2020 Mark 16,19-20
Torpo kyrkje 11.00

24.05.2020 Joh 15,26-27
Ål kyrkje 11.00

31.05.2020 Joh 20,19-23
Ål kyrkje 10.00
Leveld kyrkje 12.00

OPEN KYRKJE

Tysdag-fredag
kl. 10-14 (tysdag frå kl. 8).
Onsdagar også kl. 19.30-20

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i byrjinga av april.
Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no
Frist innan 1. mars 2020

Dugnad og fellesskap

Det går mot vår, konfirmasjonar og 17. mai. Då er det viktig at kyrkjegardane ser fine ut. Det blir difor vårdugnad, men datoar er førebels ikkje fastsette.

Følg med i Hallingdølen og på kyrkjens nettsider. Dugnad er fellesskap og glede!

Områdemøte og misjonsstemne

Det Norske Misjonsselskap inviterer til årets områdemøte for Hallingdal, og misjonsstemne i Geilo Kulturkyrkje på Kristi Himmelfartsdag 21. mai. Gudsteneste kl 11.00: Sokneprest Helle Marie Wolstad, Guri Ekse og Reidun Andersen Weberg deltek. Kyrkjekaffi med misjonsinspirasjon. Enkelt årsmøte, Astrid Vik deltek frå regionstyret.



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldrerettlegg, meklung m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

www.familievern.no
www.bufetat.no

DØYPTE

Ål
19.01 Markus Høgberg Stavn
Vetle Føleide Storhaug
02.02 Hedda Magdalena Isaksson Tveitehaug

Leveld
08.03 Lars Dokk Bjella

Torpo
08.03 Sander Håkonsrud Andersen


DØDE

Ål
06.01.20 Sigurd Flaget f.1936
Stian Etterlid f.1988
08.01.20 Klara Marie Bergom f. 1932
28.01.20 Elin Synnøve Trøan Malkenes f.1957
16.02.20 Alma Marie Jonseth f.1936
24.02.20 Gunvor Sørbøen f.1920

Torpo
19.01.20 Audun Oddvar Steinkjer f.1947
08.02.20 Gudrun Tragethon f.1919

GRAVSTELL

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr gravstell på kyrkjegardane i Leveld, Torpo og Ål. For at kyrkja kan ta på seg dette, er det nødvendig at der er plantekasse som vist i illustrasjonen. Det er plantekasser i ulike storleikar. Sjå avtaleskjema på www.aal.kyrkje.no
Frist for å teikne ny avtale om gravstell er 15. mai. Avtale teikna etter denne datoen trer i kraft året etter.



Kirkens SOS:
22 40 00 40

(landsnr.)

Kirkens SOS har også en chatte- og e-mailtjeneste – ved å logge seg inn på www.kirkens-sos.no

Du er aldri alene

De første som kom til Jesu åpne, tomme grav het Maria, Johanna og Maria. Det står i Lukasevangeliet at de simpelthen ikke visste hva de skulle tro, denne tidlige morgenen. De var der for å gjøre det de ikke rakk to dager tidligere, nemlig å stille Jesu døde kropp. Og så finner de graven tom! De ble redde og bekymret.

Da kvinnene fortalte det videre til de elleve apostlene, møtte de måpende undring. De mente det hele var løst snakk og trodde dem ikke.

Apostlene hadde tross alt ingen fasit å forholde seg til, og de hadde egentlig mistet alt håp, den mørke, lange fredagen. Han som hang der på korset i midten hadde gitt dem håpet om en ny verden, en annen tid, en annerledes verdensordning. En tid da den forhatte okkupasjonsmakten ikke lenger fritt kunne trakassere, mishandle og voldta uskyldige mennesker. En verden der døden ikke skulle ha det siste ordet.

De tre venninnene ble sett på som forvirrede kvinner som før med løst snakk. I samtiden ble kvinner ikke regnet for å være pålitelige vitner i saker der vesentlige ting stod på spill.

Men det er de som får nøkkelrollen, det er de som bevitner og formidler

den største hendelsen i verdenshistorien. Da de fant Jesus levende, var det et sjokk av glede – et sjokk det var svært vanskelig å begripe eller venne seg til å tro på. Men det går ikke lang tid før oppstandelsen blir fundamentet for en helt ny forståelse av livet.

Snart blir den første dagen i uken, og den gleden og feiringen som kom til å prege den, selve kjennetegnet på hva kristendom er. På Herrens dag kom de sammen, ofte i hemmelighet for å unngå forfølgerne, og for å tilbe den oppstandne. I troen på ham fant de næring til håpet om det evige livet.

Også denne påsken skal håpet formidles i ord og toner, gjennom omsorg og kjærlighet.

Livet hadde tatt en helt ny vending, og de begynte å fortelle. Midt i en verden av likegyldighet og kynisme gikk en liten gruppe mennesker omkring og bar på et håp. Midt i forfølgelsen, midt i forundringen, midt i lengselen.

Det var nedenfra det startet. Det håpet kvinnene først forkynte var en kraft som etter hvert rokket imperiet. Det nådde verdensdel etter verdensdel. Over deres hoder vokste det snart fram palass og katedraler, men de som bærer på det stillferdige håpet, går ikke



AV BISKOP JAN OTTO MYRSETH

maktens ærende. De går hele tiden nær dem som har mistet sitt håp, for å løfte, bære og reise opp de svake.

Gleden og håpet som gryr fra den tomme graven og etter møtet med den oppstandne, har overlevd gjennom skiftende kår i to tusen år. Også denne påsken skal håpet formidles i ord og toner, gjennom omsorg og kjærlighet. Mennesker kommer sammen for å oppsøke den oppstandne og levende, midt i en verden full av fortvilelse og død.

Etter sitt løfte er han selv til stede, midt i blant oss, i vår tid og våre liv, når to eller tre er samlet i hans navn.

Opplevelsen som ble til livets fundament for Maria, Johanna og Maria er også vårt håp: Frykt ikke mere! Evig er han med. Troens øye ser det: Han gir liv og fred.

KYRKJEBLADET NO TIL PÅSKE

Redaksjonen for dette kyrkjebladet sette punktum for arbeidet onsdag 11. mars, alt før **korona-viruset** og tiltaka rundt det kom til å prege både enkeltmenneske, kyrkje og samfunn. Me omtalar i dette bladet fleire arrangement som enten er avlyst eller utsett, men det vart for seint å gjere store endringane.

Dessverre er også kyrkjekontoret stengt for publikum når eg skriv dette 16. mars, men dei tilsette er tilgjengeleg på telefon.

Kyrkjekontoret / sekretær Elin Etterlid Tveito og Guro Stave tlf. 3208 6161
Kyrkjevevje Kjellfred Dekko tlf. 926 41 198
Prost Sveinung Hansen tlf. 970 01 101

Sokneprest Vigdis Moen Storhaug
tlf. 482 53 248
Prostiprest Arne Jensen tlf. 468 65 650
Diakon Hilde Kirkebøen tlf. 404 55 783

Følg med i Hallingdølen og på nettsida til kyrkja www.aal.kyrkje.no for å få korrekt informasjon.

Birger Bolstad